



Arkivnr: 2014/10505-24

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Konkurransetsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune - Arbeidsmøte

Bakgrunn for saka:

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune gjorde slikt vedtak 21. september 2018 vedrørende sak om kjøp av revisjonstenester i den nye fylkeskommunen:

«Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- *Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.*
- *Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.»*

Konkurransgrunnlaget for kjøp av revisjonstenester vart godkjent av kontrollutvala i begge fylkeskommunane 11. februar 2019.

Konkurransgrunnlaget vart deretter kunngjort på relevante databasar for denne konkurransen. Anbudsfrist vart 11. april kl. 12.00. Opning av tilboda vart gjort 11. april kl. 12.00. Tilstades ved opning av tilboda var Kjersti Døssland, Roald Breistein og Einar Ulla.

Drøfting:

Sekretariata v/Roald og Einar har evaluert tilboda, og vil gjennom denne saka orientere kontrollutvala i respektive fylkeskommunar om evalueringa. I dette arbeidet har sekretariatet nytta jurist i innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune, Kjersti Døssland, som rådgjevar for innkjøpsfaglege spørsmål. Kjersti rapporterer i denne saken til sekretariatet og ikkje til fylkesrådmannen.

Vårt forslag til evaluering vert presentert for kontrollutvalet i dette møtet. På bakgrunn av presentasjonen bør utvalet i møtet gjere si eiga vurdering av tilboda. Resultatet av arbeidsmøtet skal vidare danne grunnlag

fram mot innstilling til fellesnemnda, som kontrollutvalet får til handsaming i møte 2. september. Det vert lagt opp til at fellesnemnda skal gjere vedtak om val av revisor 18. september.

Konklusjon:

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. Offl. § 13 jf. forvl. § 13. Møtet må derfor lukkast med heimel i kommunelova § 31.2.

Dette er eit arbeidsmøte, og saka blir derfor lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.